

Fra: Noralv Distad (noralvdistad@gmail.com)

Sendt: 22.09.2020 22:46:17

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Interpellasjon - Velkommen til Vestland - heile året

Vedlegg:

Velkommen til Vestland - heile året

Interpellasjon frå Noralv Distad (H) - fylkestinget 29. - 30. september 2020.

I juli månad 2020 var det 807 000 overnattingar av nordmenn i hotell, hytter og på campingplassar i Vestland. Framgangen frå 2019 er på nær 380 000.

Vestland slo til som attraktivt feriefylke for nordmenn.

For året så langt viser tala derimot ein svak nedgang av norske overnattingar, frå 1.724.000 til 1.702.000. Sesongen for feriereiser vart kort, og yrkes- og konferansetraffikken er sterkt redusert.

I ein krevjande situasjon for reiselivet er det viktig å byggja vidare på tal og lærdom frå den hektiske sommersesongen.

Vestland har svært gode føresetnader for å vera eit førsteval for norske reiser gjennom heile året. Då må opplevingane vera tilgjengelege og dei må marknadsførast effektivt og med entusiasme.

I 2020 hadde Vestland fylkeskommune ein flott nettkampanje for Vestlandssommar.

Kampanjen bør vidareførast også for reiser i andre sesongar.

Vestland fylkeskommune er og ein stor tilbydar av aktivitetar, attraksjonar og transport. Det er viktig å formidla dette til potensielle gjester, med relevante opplysningar om opningstider og prisar. Ein må og sjå på om det til dømes er nødvendig å justera opningstider.

Eit fylkeskommunalt engasjement som skissert vil heilt sikkert verta godt motteke i reiselivsbransjen.

Alt må sjølvsagt skje i samsvar med forsvarleg smittevern.

Vil fylkesordføraren ta initiativ til:

1. ny nettkampanje for ferie i Vestland, til alle årstider.
2. samordna tilbod av fylkeskommunale attraksjonar og aktivitetar, tilgjengeleg for gjester.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om at det vert sett i verk ein ny nettkampanje for ferie i Vestland, til alle årstider.

Fylkestinget ber om at det vert utarbeidd eit samla tilbod av fylkeskommunale attraksjonar og aktivitetar som er tilgjengeleg for gjester, med opplysningar om opningstider og sesong.

Sendt fra min iPad